



DEN NORSKE KYRKJE

Ullensvang kyrkjelege fellesråd

Fellesrådet stør auke i talet på leke representantar til kyrkjemøtet.

Direkte val er ikkje å føretrekkja under noko omstende. Det er sokneråda som er den grunnleggjande eininga i Den norske kyrkja. Sokneråda må framleis få høve til velja dei fleste kandidatane til bispedømerådet.

Det bør endrast på valordninga, slik at det er det sitjande sokneråd som vel kandidatar til valnemnda for bispedømeråd.

Sokneråda bør ha ei samla stemme.

Fellesrådet bør ha ei stemma på lik line med sokneråda.

Kandidatar til bispedømerådet må presenterast på breidt grunnlag med omsyn til kva verdiar dei oppfattar som viktige for kyrkja. Det er vanskeleg for sokneråda å ta stilling til kandidatar dei ikkje har noko kunnskap om.

Det bør veljast to leke representantar av og mellom dei kyrkjeleg tilsette. Dette vil styrkja bispedømerådet i tilsetjingssaker som partsamansett utval og i andre saker som har med det kyrkjelege arbeidslivet å gjera. Dette vil og styrkja samarbeid og forståing av dei ulike funksjonane som ligg mellom embete og råd.

FRAMLEGG FOR Å STYRKJA OPPSLUTNING OM DEI KYRKJELEGE VALA.

Fellesrådet stør:

Ein kyrkjeleg valdag for heile landet samanfallande med kommunevala.

Bruk av tilstøytande lokalitetar til politiske val.

Rikeleg høve til førhandsstemming.

Utsending av valkort med orientering om stemmerett og tid/stad for vala.

Utsending av informasjon om soknerådet sitt arbeid og informasjon om kven som står på vallista.

Stemmerett i andre sokn enn der ein bur på visse kriteriar.

Alder for stemmerett skal følgja alder til stortingsval.

Valperiode på 4 år.

1 av 6 medlemar ønskjer ikkje at valdagen for kyrkjelege val skal følgja valdagen for dei politiske vala.

ANDRE TILTAK

Fellesrådet vil merka:

Tapt arbeidsforteneste må betalast for alle medlemar av ulike råd.

Opplæring av nye sokneråd og leiarane må verta styrka.

Styrka valadministrasjon på alle nivå.

Godtgjersla til valstyre på lik line med offentlege val.

Opplæring av ressurspersonar for sokneråda på fellesrådsnivå.

STYRKING AV PROSSEN RUNDT UTVELJING OG TILSETJING AV PROSTAR OG BISKOP

Tilsetjing av prostar bør overførast til bispedømeråda så snart som mogeleg.

Det bør vera to leke representantar valt mellom dei kyrkjeleg tilsette til å sitja i bispedømerådet.

Dette vil styrkja rådet som partsamansett utval i tilsetjingssaker.

Fellesråda må ha stemmerett på lik line med sokneråda i alle tilsetjingssaker som gjeld prost og biskop.



DEN NORSKE KYRKJE
Ullensvang kyrkjelege fellestråd

Det er også heilt naudsynt at prost og kyrkjevevja i prostiet vert hyrd og deltakande i tilsetjingsprosessen av prostar.

1 av 6 medlemmar meiner at prosessen rundt utveljing og tilsetjing av prostar og biskop er ei rein kyrkjeleg sak som skal avgjerast av kyrkja aleine og ikkje vera politisk motivert.

09.10.08
Med helsing

Gerd Rosten Bu
Kyrkjevevja

Gry-Helga Aarhus
sekretær